


06.03.2010

## Snart klart for fleire bustader i Nedre Halsabråtet



Dette er reguleringsplanen slik han no ligg føre.

**Rådmannen går inn for at kommunestyret skal godkjenne forslaget til reguleringsplan for det nye bustadfeltet i Nedre Halsabråtet, der ivar Gundersen er tiltakshavar. Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades, slår rådmannen fast.**

**Saka skal opp i forvaltningskomiteen 10. mars og i kommunestyret 25. mars.**

Om planforslaget skriv rådmannen i saksutgreiinga at føremålet er tilrettelegging for utbyggjing av frittliggjande og konsentrerte bustader. I eksisterande reguleringsplan for Nedre Halsabråtet som vart godkjent i 1982 er arealføremålet det same. Kommunedelplanen som vart godkjent i 2003 stadfester dette og forslaget som no føreligg visar ingen arealutviding.

Når det gjeld tilhøvet til kulturminne var ei arkeologisk undersøkjing gjennomført i fjor sommar.

Forvaltningskomiteen har vedteke at mønehøgd skal reduserast til maksimalt 6 meter og at 2-mannsbustader skal vera i ei høgd.

I føresegnene heiter det mellom anna at før det kan gjevast byggjeløyve for bygningar innanfor sikkerhetssona for høgspentline skal linea leggjast i grøft.

Det har kome motsegn frå fylkesmannen, men denne er trekt etter revisjon av planforslaget.

Administrasjonen skriv i vurderinga si at endringane som er gjort er mindre vesentlege og aukar kvaliteten til reguleringsplanen.

Av Ola Matti Mathisen